




Referat frå møtet 14.2.2024, vike 7

Vi var 20 til stades – medrekna to gjester, mellom dei föredrags-haldaren. President **Kjersti Hamborg Martinsen** opna møtet med diktet «Let there be peace on earth» skrive av Jill Jackson-Miller og Sy Miller i 1955 – sjå ramma.¹ Ho gratulerde **Gunnar Kårbo** med 80-årsdagen 11. februar.

Det var 3 **Tigris-innlegg**. **Tor Sørke**: Det er så langt därleg påmelding til *Torskaftene* 8. mars. **Perry Sævik** gjorde oss merksame på at det var *Valentinsdag*, og i høve dette las han diktet sitt med tittelen «*Valentin med sin Valentine*». **Espen Hoell** fortalte at dagen etter, 14/2, skulle han og Sissel Berit reise med heile familien til Aust-Afrika, først på safari i Tanzania, deretter ein tur til Zanzibar.

Kveldens föredragshaldar var PDG **Ingrid Grandum Berget** frå Brevik RK, som heldt eit föredrag med titelen «Rotarys fredsarbeid», eit arbeid ho er sterkt engasjert i, som teamleiar for *Peace Major Gifts Initiative*. Ho oppsummerte föredraget i fire punkt: Kvifor arbeider Rotary for fred? Korleis arbeider Rotary for fred? *Rotary Peace Centers*. *Rotary Peace Fellows*. Ho begynte med å sitere det nye målet som blei lagt til Rotarys konstitusjon i 1921: *To aid in the advancement of international peace and goodwill through a fellowship of business and professional men of all nations united in the Rotary ideal of service* og viste oss mellom mykje anna kartet nedanfor – 2023 *Global Peace Index*, med ein fargeskala frå grønt til raudt som indikator for graden av fred eller ufred i ulike land. Ho fortalte korleis RI har vore engasjert i fredsarbeid i etterkrigstida, mellom anna som ein av initiativtakarane til SN (bokmål FN): <https://www.rotary.org/en/history-rotary-and-united-nations>. I dag har Rotary den høgaste statusen som blir tilbydd ikkjestatlege organisasjonar i SNs økonometiske og faglege råd. Rotary spela ei sentral rolle i opprettinga av UNESCO. Ho nemnde òg *Ungdomsutvekslinga* og det nye *New Generation Service Exchange* for studentar og yrkesaktive under 30 år. Dei største fredsprosjekta Rotary er engasjert i, er *End Polio Now* og *Peacebuilding and Conflict Prevention*. Eit viktig fredsarbeid i Rotary er *Rotary Peace Centers* – med ein visjon om berekraftig fred. Det er interessant å sjå kvar dei som er utdanna der, no arbeider. Figuren under til venstre – som kan lesast med litt zooming – fortel ein del om dette.



Let There Be Peace on Earth

By Jill Jackson-Miller and Sy Miller

Let there be peace on earth
And let it begin with me;
Let there be peace on earth,
The peace that was meant to be.

With God as our Father
Brothers all are we,
Let me walk with my brother
In perfect harmony.

Let peace begin with me,
Let this be the moment now;
With every step I take,
Let this be my solemn vow:

To take each moment and live each
moment
In peace eternally.
Let there be peace on earth
And let it begin with me.


Valentin med sin Valentine

Av Perry Sævik

Jeg har egen dame, min Valentine
Og hun har jo meg, er jeg Valentin?
Det sies at hun skal ha blomster så fine
helst fulgt av ord som: Takk, kjæresten min

Tenk jeg, Valentin, får kaker til kaffen
hun fikser og steller så det blir kos
og hun tillater både jobb og slaraffen
Joda, min Valentine, hun skal ha ros.

Langesund, 26. februar 2024, **Rolf Theil**



¹ Det finst ein Wikipedia-artikkel om denne songen: [https://www.wikiwand.com/en/Let_There_Be_Peace_on_Earth_\(song\)](https://www.wikiwand.com/en/Let_There_Be_Peace_on_Earth_(song))